

Björg Ladehaug
Ellinor Kvalstad
Aslaug Vårdal Igelkjøn
Egil Nestande
Monrad Kolstad

Referat frå Styremøtet i Seniornett Førde

Tid: Torsdag 09.02.2023 kl 14
Stad: Sørsalen i Kulturskulen

Sak 6/2023: Årsmøtet 10.03.2023.
Utkastet til budsjett vart godteke. Årsmeldinga vart godkjent.

Sak 7/2023: Påmelding til landsmøtet i Seniornett Norge. Kven reiser?
Delegatar til landsmøtet skal veljast på årsmøtet etter forslag frå valnemda. Alternativt kan årsmøtet gje styret fullmakt til å bestemme kven som skal reise .
Landsmøtet blir halde i Drammen 4 og 5 mai. Påmeldingsfristen er 20. mars.

Sak 8/2023: Bør vi ikkje arbeide for ei digital oppslagstavle?
Seniornett Førde har eiga Facebook gruppe og nettside. Leiaren Björg Ladehaug stilte spørsmål om Seniornett Førde bør stå på Sunnfjord kommune si side. Den digitale tavla i Førdehuset er også ein stad der Seniornett Førde bør nemnast sidan det er der dei vanlegvis held til.
Styret arbeider vidare med saka.

Sak 9/ 23: Eventuelt
Styret gjennomgjekk innkomne saker:

1. Seniornett Førde mot 2037 – og vidare? Den omhandlar m. a.
 - mindre vekt på undervisning/ læring, og meir vektlegging av den sosiale tilrettelegginga med tanke på læring.

Denne framtidsplanen skal drøftast på årsmøtet, og må leggjast ved årsmøtepapira.

2. Innføring av vipps som betalingsmåte.

Dette skal drøftast på årsmøtet slik at alle får komme med synspunkt.
Saka skal leggjast ved årsmøtepapira.